

Samtykke frå elevar over 18 år om samarbeid med føresette

Samarbeid mellom skule og heim er sentralt for å skape gode læringsvilkår for den enkelte, og eit godt læringsmiljø for elevgruppene på skulen. Opplæringslova kapittel 20 om foreldresamarbeid, forskrift til lova og læreplanverket legg føringar for dette samarbeidet. Heimen skal få informasjon om måla for opplæringa i faga og elevane si faglege utvikling i forhold til måla. Vidare skal heimen få informasjon om korleis opplæringa er lagt opp, kva arbeidsmåtar og vurderingsformer som blir brukt, eleven sitt fråvær, karakterar, varslar og andre vesentlege forhold som gjeld sjølve skulesituasjonen.

Stend vidaregåande skule meiner at føresette har stor betydning for eleven sin motivasjon og læringsutbytte også etter at eleven har fylt 18 år. Å føre vidare ein god praksis med skule-/heim- og elevsamarbeid, etter at eleven har fylt 18 år, krev eit samtykke frå eleven. Dersom elev og føresette ønsker ein slik praksis, kan de gi samtykke om dette ved å signere på dette skjemaet. Skjemaet kan de levere til skulen sitt kontor.

Eg gir samtykke til at Stend vidaregåande skule kan gi mine føresette informasjon om fråvær, karakterar, varslar og andre vesentlege forhold som gjeld sjølve skulesituasjonen. Denne informasjonen kan skulen også gi etter at eg har fylt 18 år.

Eleven sitt namn: *Bruk blokkbokstavar!*

Stad, dato: Elevens signatur:

Føresette 1 sitt namn:.....

E-post: Mobiltelefon:

Føresette 2 sitt namn:

E-post: Mobiltelefon:

Samtykket gjeld så lenge du er elev på Stend vidaregåande skule, eller til du trekker det tilbake skriftleg.